

NORSK SPRÅKRÅD

┌
Utdannings- og forskingsdepartementet
Opplæringsavdelinga
Postboks 8119 Dep
0026 OSLO
└

REF.

VÅR REF.
200300193-1 ER

DATO
15.10.03

Høyringsfråsegn – NOU 2003: 16 I første rekke. Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle

Me viser til innstillinga frå Utdannings- og forskingsdepartementet 5. juni 2003 og sender vedlagd ei høyringsfråsegn frå Norsk språkråd.

Med helsing

Ola Haugen (sign.)
leiar

Marit Hovdenak
dagleg leiar

Vedlegg

NOU 2003: 16 *Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*

1 Innleiing

Norsk språkråd er statens rådgjevande organ i språkspørsmål, og i § 1c i lov om Norsk språkråd står det at rådet skal ”gi myndighetene råd i språkspørsmål, særlig når det gjelder språkbruken i skolen, ...”

1.1 Innvendingar

Det er på dette grunnlaget Språkrådet vil peika på at arbeidet med norskfaget er så godt som fråverande i denne utgreiinga om ei betre grunnopplæring for alle. Ikkje sjeldan er det nemnt at lese- og skriveferdigheitene skal utviklast og betrast, men me saknar at utgreiinga meir eksplisitt uttalar forpliktande tiltak for det faget som anten er morsmålet eller andre-språket for alle norske skuleelevar. Norsk språkråd er no i ein omorganiseringsprosess, og eit av satsingsområda for det nye språkorganet som skal avløysa Norsk språkråd, blir styrking av norsk språk. Ei av hovudinnvendingane våre mot utgreiinga er at ho så vagt gjev uttrykk for at skuleverket i framtida må satsa på norskopplæringa, som må vera grunnlaget for den utviklingsstrategien utgreiinga legg opp til.

Det blir venta av ei utgreiing av dette omfanget at ho omtalar norsk språk generelt, men dessutan nynorsk spesielt. Ordninga med to norske målformer og kva det har å seia for det norske språksamfunnet, er ikkje drøfta. Utgreiinga går heller ikkje inn på eit spørsmål som stadig er framme i den offentlege debatten, stoda for sidemålsopplæringa i norsk grunnskule og vidaregåande skule, og spesielt for nynorsk sidemål. Desse klåre manglane i utgreiinga kjem me attende til nedanfor.

Språkrådet vil elles peika på at:

- Norsk bør nemnast eksplisitt som ein delkompetanse av den generelle basiskompetansen, slik til dømes engelsk er nemnd. Basiskompetansen bør dessutan inkludera oppøving av evna til å lytta og forstå og å uttrykkja seg munnleg.
- Under ”Gjennomgående satsing på realfag og språkfag” (pkt. 2.2) bør norskfaget trekkjast fram og understrekast.
- Det ser òg ut til at det berre er reint instrumentelle lese- og skriveferdigheiter det er lagt vekt på. Me vil understreka at norsk ikkje berre er eit reiskapsfag, men òg eit kulturfag og eit danningsfag.
- Språkrådet stiller seg avventande til at det blir vurdert å ta bort avgangsprøva i grunnskulen. Dei nasjonale prøvene som Stortinget har vedteke å innføra frå skuleåret 2003/2004, bør ikkje erstatta avgangsprøva før ein har røynsler med dei. I alle fall må det greiast ut kva det vil få å seia for norskfaget generelt og for nynorsk som sidemål om avgangsprøva blir avskaffa (Jf. pkt. 18.8 i innstillinga.).
- Framlegget om at elevane i det studiespesialisierende utdanningsprogrammet skal ha éin sentralt gjeven eksamen (pkt. 18.1), og at elevane blir trekte ut til anten hovud- eller

sidemål, er lite tilfredsstillande. Ordninga i den vidaregåande skulen med to dagar norskeksamen og trekking av målform har vore godt motteken. Her får ein brukt både norskkunnskapar og evne til kreativ skrivning. Denne ordninga tener prinsippet om måljamstilling, og me ber departementet halda oppe ei eksamensform av denne typen.

- Språkrådet stiller seg elles avvisande til framlegget om at fullført vidaregåande opplæring skal gjera elevane generelt studieførebuende uavhengig av utdanningsprogram, og at kravet om generell studiekompetanse fell bort. Her følgjer me særmerknaden frå tre utvalsmedlemmer (pkt. 13.11) om at det skal stillast krav for opptak til universitet og høgskular knytte til faga norsk, engelsk og matematikk for å kunna starta på høgare teoretiske studium.

1.2 Språkrådet seier seg glad for desse ideane/tiltaka:

- Kompetanseutvikling for lærarar på alle nivå i m.a. norsk med tilhøyrande fagdidaktikk
- I grunnskulen skal skulane ha faglege ressurspersonar i mellom anna norsk
- Minoritetsspråklege elevar får spesiell oppfølging i samband med den første lese- og skriveopplæringa
- Eit kompetanseomgrep som omfattar både kunnskapar, ferdigheiter og haldningar
- Ein gjennomgåande basiskompetanse i alle fag og på alle nivå synest å femna om sentrale læringskomponentar
- Krav til formell fagleg fordjuping for dei som underviser på ungdomssteget
- Utarbeiding av masterprogram i fag og fagdidaktikk i fag som norsk

Me går nedanfor (pkt. 2.1 og 2.2) nærmare inn på dei to sidene ved kvalitet i utdanningane som har fått liten eller ingen plass i utgreiinga: Utviklinga for norsk språk spesielt og situasjonen for nynorsk, særleg nynorsk som sidemål i skulen. I punkt 2.3 går me inn på tilhøva for språklege minoritetar.

2 I første rekkje norsk

Norsk er eit av dei 200 språka i verda som har over ein million brukarar. Ser ein det i samanheng med truga språk på verdsbasis, har dei berre nokre få tusen talarar i gjennomsnitt. Dei har ikkje skriftspråk eller statsdanning bak seg, dei er små minoritetsspråk. Jamført med desse er norsk eit stort språk. Men trugsmålet frå engelsk er alvorleg, og difor er det òg avgjort at det nye språkorganet, som nemnt, skal ha språkstyrking som eit hovudsatsingsfelt.

2.1 Norsk språk generelt

For den oppveksande slekta er det avgjerande for å kunna læra at ein meistarar og er trygg i sitt eige språk. Den svenske parlamentarikarinnstillinga *Mål i mun* argumenterer for at ein bør lovfesta ein tredelt rett knytt til språk: Rett til opplæring i svensk, rett til opplæring i morsmål (for språklege minoritetsgrupper) og rett til opplæring i framandspråk. Også Danmark har gått inn på dette i ein rapport som skal danne grunnlag for ei språkpolitisk utgreiing frå den danske regjeringa til Folketinget. Me vil understreka at det her ikkje berre er tale om å sikra basiskunnskapen i lesing og skrivning, men at det gjeld å bli medviten om korleis språkkompetansen verkar inn på alle fag og alle nivå i utdanninga. Lova pålegg

Språkrådet å ”verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, ...” Det trengst å overføra til nye generasjonar kunnskap om og i norsk, morsmålet står ikkje like støtt og sjølvstøtt i den offentlege opinionen som tidlegare. Makt- og demokratiutgreiinga (NOU 2003: 19, kapittel 10) peiker til dømes på det dei kallar den språklege kolonialiseringa frå engelsk som me ser i dag, som eit trugsmål mot dei offentlege institusjonane me ynskjer å halda oppe.

Me ber om at det i sjølve grunnlaget for arbeidet vidare blir sagt noko om verdien av den norske språkkulturen og peikt på tiltak som sikrar at språkbrukarane er best mogleg rusta til å møte krava om betre utdanningskvalitet. Slike tiltak kan vera:

- Arbeid med meir og betre norsk fagspråk i skulefaga
- Sikring av norskspråklege versjonar av dataprogram, også i fag knytte til teknologi og formgjeving, som no blir satsingsfag
- Arbeid med å gjera elevar medvitne om verdien av eit eige nasjonalspråk. Den auka internasjonale konkurransen på utdanningsmarknaden har fremja engelsk som undervisningsspråk, men forskingsarbeid har synt at å tileigna seg fag på eit framandspråk ein ikkje meistrar fullt ut, gjev dårlegare læringskvalitet
- Arbeid med å læra framandspråk skikkeleg. Me må sjå den norske språksituasjonen i ein internasjonal samanheng, og i lys av det er det av stor verdi og praktisk nytte å meistra fleire framandspråk
- Me er usikre på om det er klokt å gjera norskfaget i yrkesfaglege studieretningar meir yrkesretta, altså meir instrumentelt. Det er det språkkulturelle aspektet som knyter norsk språk til identitet

2.2 Sidemålsopplæringa spesielt

I lov om Norsk språkråd står at organet skal ”fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket”. Det er i lys av dette Språkrådet har leitt etter målformuleringar og tiltaksplanar for korleis undervisninga i dei to målformene, og særleg sidemålsundervisninga, skal utformast i framtida.

Utvalet har ikkje i det heile drøfta forholdet mellom dei to norske målformene og korleis eit emne som sidemålet skal formidlast gjennom grunnopplæringa. Dette tykkjer Språkrådet er påfallande. Norsk språkpolitikk har sidan 1885 hevda jamstilling mellom bokmål og nynorsk. Den verdien dette har for det norske språksamfunnet, gav også regjeringa uttrykk for i Sem-erklæringa: ”Samarbeidsregjeringa vil verna og halda i hevd dei to norske skriftspråka våre og halda fast ved norsk skriftkultur som ein berebjelke i kulturlivet vårt.” – Me veit at opplæring i sidemål i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen er lite populært, særleg i nynorsk sidemål. Mange røyster talar for å fjerna denne opplæringa frå norsk skule, andre meiner ei kritisk vurdering av og forsøk med sidemålsundervisninga kan gje grunnlag for å utvikla betre metodar. I alle fall er dette ei så vesentleg sak at ei innstilling om grunnopplæringa ikkje kan vedkjenna seg å ikkje drøfta ho og visa til løysingsmodellar.

Me ber om at utvalet i arbeidet vidare tek opp og går inn på den norske språksituasjonen, presiserer kva for verdi og utfordring som ligg i å ha to målformer, og kvifor det er viktig å halda oppe jamstillinga mellom dei. Aktuelle tiltak er:

- Få betre utdanning, særleg når det gjeld fagdidaktikk knytt til sidemål, i lærarutdanninga
- Opna for kartlegging av kva stilling sidemålsundervisninga har når det gjeld ulike rammefaktorar, pedagogiske opplegg / pedagogiske undervisningsformer, faglege resultat og haldningar til faget.
- Få i gang reelle forsøk med systematisk motivasjonsarbeid og alternative undervisningsformer knytt til det skriftlege sidemålet i skulen.
- Sikra reell måljamstilling for alle former for dataprogram som blir brukte i skulen. Dette må òg gjelda administrativ programvare og større elektroniske kunnskapsbasar på norsk.
- Sikra at materiell som blir delt ut i skulen, er tilgjengeleg i begge målformer, også når det er produsert av frivillige organisasjonar, næringsliv og andre.

Slike tiltak er nødvendige for å få ei grunnleggjande positiv haldning knytt til nynorsk sidemål inn i samfunnet. Ei slik haldning er avgjerande for det ferdigheitsnivået me ynskjer elevane skal oppnå i skriftleg sidemål. Det er også tvingande nødvendig for at elevar med nynorsk hovudmål skal kunna kjenna seg trygge på at målforma deira er verdsett og kan brukast i alle skriftlege samanhengar.

Etter opplæringslova er det allmenn røysterett når skulemålet skal bestemmast. Me vil sterkt understreka at retten til å velja opplæringsmål ved ein skule framleis må få vera ei sak for lokalsamfunnet. Språkrådet går dessutan inn for at ordninga med opplæring i skriftleg sidemål på ungdomssteget og i det studieførebuande programmet i den vidaregåande skulen må følgja med i dei komande nasjonale standardane ein tenkjer seg i framtida.

2.3 Tilhøva for språklege minoritetar

Utvalet legg opp til å intensivera den tospråklege satsinga ved skulestart for språklege minoritetar. Språkrådet har ikkje fleire forskingsresultat å halda seg til enn utvalet når det gjeld opplæring i norsk parallellt med morsmålsopplæringa, men ser det som avgjerande for ei god integrering og eit godt læringsutbyte at elevane får grundig opplæring i både morsmålet og norsk. Innstillinga ser elles ut til å mangla ein meir utførleg omtale av tiltak ein kan satsa på for å inkludera minoritetsspråklege og leggja til rette norskundervisninga for dei.

Språkrådet ser den samla utviklingsstrategien for grunnopplæringa som interessant og lovande. Sidan merknadene våre gjeld prinsipielle, overordna synspunkt, treng dei avklaring i den prosessen som allereie er i gang. Me ynskjer departementet lukke til i det vidare arbeidet med saka.